



FJELL KOMMUNE

Ordføraren

Norges Realfagsgymnas
Att. v/Roger Elstad

Dykkar ref.

Vår ref.

Saksh. – tlf.

Dato

2013/2263 - 14949/2014 Grethe Bergsvik - 55 09 70 41

30.06.2014

Fjell kommune støtter etablering av Norges Realfagsgymnas (NGR) på Straume

Det er dokumentert ein aukande mangel på personar med ein høveleg kompetanse i næringslivet i regionen. Det er dessutan slik at det i aukande grad er behov for meir spesialisert kompetanse ettersom kravet til kunnskap endra seg i retning å bli meir avansert og stiller nye krav til utdanninga som personell treng for å dekkja behov.

For at næringslivet i vår region skal oppretthalda og endå styrkja posisjonen sin nasjonalt og internasjonalt treng ein altså å auka kapasiteten til utdanninga i breidda, og ein treng spesialisering og praksis utover i utdanningsløpet basert på samhandling med næringa sine endra behov. For å dekkja slike behov i framtida er det ikkje nok å rekruttera ungdom til slik utdanning frå regionen, men utdanninga må vera så interessant og ha kapasitet til at ein rekrutterer nasjonalt.

Ei satsing på realfag på vidaregåande nivå i kombinasjon med ei pågåande satsinga på høgare utdanningsnivå knytt til framtidige avanserte kompetansebehov i næringslivet vil verka merkevarebyggjande og såleis verka tiltrekkjande på kompetent arbeidskraft også til offentlege tenester.

Med grunnlag i erfaringane Fjell kommune har gjort i eigen satsing på utdanning for å stimulera til betra kvalitet, interesse for og motivasjon til å satse på ei realfagleg utdanning vil vi ønskja initiativet frå Norges Realfagsgymnas velkomen til å etablera seg i Straume.

Vi gjev tiltaket vår støtte fordi vi forstår det slik at dette initiativet har følgjande potensiale og karakteristika:

1. Ei tett kopling til globale industrielle aktørar i regionen som vil kunna bidra til utvikling og kvalitet i utdanninga gjennom bidrag ved praksisnære undervisning.
2. Stimulera til auka interesse for realfag i regionen og dermed til auka interesse og motivasjon for realfagleg utdanning i den offentlege skulen
3. Rekruttera ungdom og talent til regionen frå heile landet som såleis bidreg til rekrutteringa til eit veksande næringsliv både gjennom tilflytting og omdøme.
4. Utvikla fleksible faglege tilbod som vert vidareført gjennom samarbeid med høgare utdanning

5. Gjennom samarbeid med internasjonale lærestader med særst høgt nivå, sikra at nokre av elevane får ei høgare utdanning og retur til nøkkeljobbar i regionen sitt næringsliv som kan vera med å skapa den naudsynte konkurransekraft
6. Gjennom samarbeid med andre tilsvarande utdanningstilbod i Norge etablere samarbeid som verkar gjensidig utviklande.

Vi ser på initiativet frå Norges Realfagsgymnas AS som eit godt komplementært bidrag til den utviklinga som vi elles har innan utdanninga i regionen i framtida, for å dekkja det aukande behovet for kompetent arbeidskraft både regionalt, men også nasjonalt.

Med venleg helsing



Eli Årdal Berland
ordfører

